



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 05.06.2014 kl. 15:15-1945

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar	
Anne Grethe Lien	Nestleiar	
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem	
Reidun Melvær Norheim	Medlem	(Berre med på sakene 32-35)
Jorunn Ringstad	Medlem	
Jostein Vidar Takle	Medlem	
Linda Karin Solheim	Medlem	
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Else Stølen	Varamedlem	(Berre med på sakene 32-35)
Agathe Karin Herland	Varamedlem	(Berre med på sakene 32-35)

Forfall:

Inger Lise Saltskår	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Åge Guddal	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2014/32		Godkjenning av innkalling og sakliste	RUNE ZIENER
SR 2014/33		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 19.05.2014	RUNE ZIENER
SR 2014/34		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
SR 2014/35		Høyring om kyrkjebygg	RUNE ZIENER
FR 2014/36		Stillingar i Askvoll sokn	RUNE ZIENER
FR 2014/37		Brudestolar Askvoll kyrkje	RUNE ZIENER

Askvoll, 05.06.2014

Rune Ziener
Ref.

SR 2014/32 Godkjenning av innkalling og sakliste

UTGREIING

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsorden som det ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsorden som det ligg føre.

SR 2014/33 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 19.05.2014

UTGREIING

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 19.05.2014 som den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 19.05.2014 som den ligg føre.

SR 2014/34 Skriv og meldingar

UTGREIING

M 24/14 Budsjettkontrollrapport 1. tertial 2014.

M 25/14 Askvoll kommune: Branntilsynsrapportar frå Holmedal kyrkje, Vilnes kyrkje, Kvammen kapell (03-04.04.2014)

M 26/14 Utviding Askvoll kyrkjegard

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

SR 2014/35 Høyring om kyrkjebygg

UTGREIING

Kyrkjerådet har lagt ut på høyring sak om kyrkjebygg i samband med at ein tek sikte på at Kyrkjemøtet 2015 føretek revisjon av reglar for:

- A) Reglar for bruk av kyrkjene
- B) Reglar om liturgisk inventar og utstyr
- C) Reglar for bruk av kirkens klokker

Høyringsfrist er sett til 16. juni 2014, og alle sokneråd i landet er mellom høyringsinstansane. Det er utarbeidd eit høyringsdokument med 10 høyringsspørsmål. Ein kan gi svar på alle eller nokre av spørsmåla.

Høyringsdokumentet er delt inn i tre deler:

- Del 1: Teologiske og historiske perspektiver på kirkebygg
- Del 2: Kirkerettslige perspektiver på kirkebygg
- Del 3: Forslag til reviderte regelverk om kirkebygg

Det er ikkje føreteke punktvis drøfting i saksutgreiinga, men det er utarbeidd slikt forslag til høyringssvar for ein del av punkta:

Del 1: Teologiske og historiske perspektiver på kirkebygg

Samtale- eller høyringsspørsmål 1 (Hvorfor trenger kirken kirker):

- A) *Kyrkjebygga lokalt har stor betydning for folk, ikkje berre som rom for gudstenesteleg fellesskap, men også som kulturminne, for lokal identitet og som symbolbygg knytt til viktige hendingar i livet.*
- B) *Ja*
- C) *-*

Samtale- eller høyringsspørsmål 2 (Hva er et økumenisk-luthersk kyrkjerom?):

- A) *-*
- B) *-*
- C) *-*

Del 2: Kirkerettslige perspektiver på kirkebygg

Samtale- eller høyringsspørsmål 4 (Vigsling av kirke og velsignelse av lokale til kirkelig bruk):

- A) *Nei*
- B) *Nei, særleg med tanke på at også gravplassar - som for allmen bruk, uavhengig av livssyn - vert vigsla i dag, og dette ikkje utløyser nokon eksklusivitet for kristne. Ei vigslingsordning som innviing til reint kyrkjeleg bruk vil utfordre denne praksisen. Ulike omgrep og evt. vigslings-/velsigningliturgiar vil neppe gjere dei kyrkjerettslege skillelinjene mellom "kyrkje" og "lokale til kyrkjeleg bruk" meir tydelege.*

C) *Nei, jf. pkt. B)*

Samtale- eller høyringsspørsmål 5 (Kirkebygg og livssynsnøytralitet):

- A) *Nei*
- B) *Ja*
- C) *Ja*

Samtale- eller høyringsspørsmål 6 (Kirke som selvstendig bygg eller del av et annet bygg):

- A) *Nei*
- B) *Ja*
- C) *Nei*

Samtale- eller høyringsspørsmål 7 (Andre modeller for kirkerom/kirkelokaler):

- A) *Ja, ved ellers følgende vilkår: At det allereie finst minst ei kyrkje i soknet som stettar krava i dagens regelverk, og at dette er eit lokalt ønske.*
- B) *Der det er let seg forsvare geografisk og demografisk bør ein satse på å ha ei hovudkyrkje i soknet for å samle aktivitet. Om det viser seg at hovudkyrkja ikkje har kapasitet (ikkje dimensjonert for normalt besøkstal, eller at kyrkja er så mykje i bruk at arrangement vanskeleg let seg gjennomføre), kan ein tenkje seg alternativ utbygging, gjerne fleirfunksjonsbygg som avlastar hovudkyrkja.*

Samtale- eller høyringsspørsmål 8 (Problemstillinger ved nedleggelse, utleie og salg av kirkebygg):

- A) -
- B) *Nei, det er eigar, ved soknerådet som må fatte slikt vedtak. Det bør likevel gjerast ei betre avklaring på ansvars- og kompetansespørsmål i slike saker*
- C) *Kyrkjerådet*
- D) *Dei 7 vurderingstemaene synest i utgangspunktet tilstrekkelege.*

Del 3: Forslag til reviderte regelverk om kirkebygg

Samtale- eller høyringsspørsmål 9 (Regler for bruk av kirkene):

- A) *Ja, vi er samde i at regler frå Kyrkjemøtet gjeld kyrkjerommet. Når det gjeld ny bestemmelse om at soknerådet kan plassere mellombels installasjonar er dette ikkje vidare definert, og opnar for skjønsmessige vurderingar. Ein bør lokalt kunne ha rett til å installere slike, men av omsyn til trygging- og driftsaspektet ved ein slik installasjon, må ein sikre at kyrkjeleg fellesråd vert involvert. Vi har ikkje merknader til at biskopen vert klageinstans.*

- B) *Fellesrådet treng ikkje få særskilt bruksrett til kyrkjerommet som sådan, men det bør verte utarbeidd tydelegare rolleavklaring mellom sokneråd/sokneprest (som brukar) og kyrkjeleg fellesråd (som eigedomsforvaltar) kva ansvar og kompetanse som ligg føre på det enkelte organ. Vi stiller også spørsmålstejn ved formuleringen i generelle bestemmelser, at kyrkjerommet ikkje kan nyttast til kommersielle føremål. Det bør her gjerast ei avklaring i forhold til kyrkjekonsertar av kommersiell art.*

Samtale- eller høyringsspørsmål 10 (Regler om liturgisk inventar og utstyr):

- A) -
- B) *Ja*
- C) *Ja, der det er permanent oppført alter langt frå kyrkjelyden bør ein kunne installere (eitt eller fleire) framskutte nattverdsbord. Alter i nyoppførte kyrkjer skal vere frittsåande, og skal etter forslaget ikkje kunne flyttast, men ha permanent plassering. Ein bør vurdere om alterbord (og for den saks skuld døpefont og anna liturgisk inventar) kan ha fleire faste plasseringar tilpassa ulik bruk, og slik auke kyrkjerommet sin fleksibilitet.*
- D) *Til § 25 om godkjenning, bør ein legge til rette for forenkla godkjenningsrutinar. Biskop bør t.d. kunne delegera til prosten godkjenning av inventar og utstyr. Særleg gjeld dette for inventar og utstyr i kyrkjer som ikkje er omfatta av antikvariske vernebestemmelser.*

Samtale- eller høyringsspørsmål 11 (Regler for bruk av kirkens klokker):

- A) *Ja*
- B) -

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd gir høyringsssvar på høyring om kyrkjebygg som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Ein gjekk gjennom spørsmåla punktvis, og vedtok høyringsssvar etter kvart.

Alternative framlegg vert sett fram for følgjande spørsmål:

Spm. 4: Alternativt forslag frå Stein Hugo Fykse om å svare "Ja" på pkt. A, B og C

Spm. 5: Alternativt forslag frå Jorunn Ringstad om å svare "Nei" på pkt. B og C

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyringsssvar på høyring om kyrkjebygg som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja, men med dei endringane som vart førelsege i møtet.

FR 2014/36 Stillingar i Askvoll sokn

UTGREIING

Klokkar i Askvoll og Holmedal kyrkje har no slutta i stillinga, og ein har såleis vakanse i denne. Kvar gong det vert vakanse i ei stilling, bør ein vurdere stillinga.

Pr. i dag er det også vakanse i klokkarstillinga for Kvammen.

Det er generelt vanskeleg å få rekruttert folk inn i småstillingar i kyrkja, som bind opp helger. Fleire plassar vert klokkarfunksjonen utført av frivillege.

Om ein tek atterhald om at ein no får ny gudstenesteforordning, vil det i framtida i snitt vere gudsteneste i Askvoll og Holmedal 3 av 4 søndagar desse stadane til saman. Ein bør derfor ha to personar i med klokkarfunksjon i Askvoll og Holmedal.

I første omgang, vil klokkarar i Værlandet og Stongfjorden få tilbod om å overta vakante stillingar i Askvoll, Holmedal og Kvammen.

Om ein ikkje lukkast med det, kan ein gjere eit forsøk på å få rekruttert nye søkjarar til stillingane, saman med klokkarstilling i Kvammen.

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Med atterhald om at ny gudstenesteforordning vert vedteke, kunngjer Askvoll sokn tre ledige klokkarstillingar på timebasis for kyrkjene Askvoll, Holmedal og Kvammen.
2. Klokkarane i Værlandet og Stongfjorden får i første omgang tilbod om endra stillingar.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Med atterhald om at ny gudstenesteforordning vert vedteke, kunngjer Askvoll sokn tre ledige klokkestillingar på timebasis for kyrkjene Askvoll, Holmedal og Kvammen.
2. Klokkarane i Værlandet og Stongfjorden får i første omgang tilbod om endra stillingar.

FR 2014/37 Brudestolar Askvoll kyrkje

UTGREIING

Ein viser til sakene FR 2014/27, 19 og 9 om brudestolar til Askvoll kyrkje. Ein har no fått pris på omtrekking av eksisterande brudestolar. Dette vil komme på omlag kr 5090,- inkludert stoff. Stolane må då i tillegg anten slipast ned eller malast om.

Ein har då to alternativ som skil seg svært lite prismessig:

- Omtrekking/oppussing av eksisterande: ca. kr 5090,- + sliping/måling
- Nye stolar av typen Annø Sigma: ca. kr 5500,- + lakkering

Vurdering:

Prismessig vil desse alternativa vere så pass like at dette ikkje bør vere avgjerande. Det som vert ståande opp mot ein annan då er å ta vare på tradisjonen med oppussing av eksisterande stolar, eller få ei løysing som designmessig passar betre inn i det nye kormiljøet og har betre sitjekomfort.

INNSTILLING FRÅ KYRKJEVERJA

1. Askvoll sokneråd ønskjer å ta i bruk stoltype Aannø Sigma i grålakka treverk med stoff Sublime mørk grå som brudestolar til Askvoll kyrkje.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Jorunn Ringstad om at ein heller pussar opp dei eksisterande stolane.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek endringsforslaget frå Jorunn Ringstad.

SR 2014/38 Offerliste juni-august

MØTEHANDSAMING

Soknerådet var ikkje vedtaksført då denne saka skulle verte handsama. Saka vert difor handsama på e-post i etterkant av møtet.